



Statens vegvesen

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Unn Jenny Utne Kvam /
97594846

Vår referanse:
20/4130-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.01.2020

Uttale til dispensasjonssøknad – bustad – gnr. 41 bnr. 8 – Skarpeneset – Meland kommune

Vi viser til dykkar brev datert 18.12.2018 og uttalefrist 15.01.2020.

Saka gjeld mellom anna søknad om dispensasjon frå LNF-føremål (landbruk, natur, friluftsliv) i kommuneplanens arealdel. Statens vegvesen uttaler seg til saka som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Eigedomen som saka gjeld ligg i eit område med køyretilkomst via kryss ved Krossnessundbrua og fylkesveg 5310 (tidl. fv 245). I kommuneplanen sin arealdel er det særkilde rekkefølgekrav om trafikksikringstiltak langs fylkesvegen her før det kan gjevast byggeløyve for nye tiltak på strekninga Fosse – Håtuft – Ådland i ikkje utbygde område for bygg og anlegg. Vi stiller spørsmål ved om desse rekkefølgekrava har blitt vurdert i samband med denne dispensasjonssøknaden. Etter vår vurdering vil det vere uheldig om det vert gjeve løyve til nye bustader i LNF-område før trafikksikring langs fylkesvegen er gjennomført, når det før slik sikring er på plass ikkje er opna for ny bustadutbygging i nye område som er sett av til dette føremålet i utgangspunktet. Vi legg til grunn at kommunen gjev ei vurdering av dette i den vidare handsaminga av saka.

Som ein del av regionreforma som vart vedteken i Stortinget 08.06.2017 er oppgåver og tilsette overført frå Statens vegvesen til nye Vestland fylkeskommune frå og med 01.01.2020. Fylkeskommunen skal etter denne datoen handsame søknadar og førespurnader som gjeld fylkesveg. På grunn av at dette brevet vart sendt ut før 01.01.2020, rår Statens vegvesen til at kommunen tek særskild kontakt med Vestland fylkeskommune for å sikre at fylkeskommunen også vurderer denne saka som vegeigar/-styresmakt.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Unn Jenny Utne Kvam
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN